

Vedtekter for tildeling av kulturminnevernmidlar.

Målsetjing.

Kulturminnevernmidlane skal vera eit aktivt tiltak for å ta vare på og sikra det lokale kulturminnevernet. Det skal og vera med å skapa interesse for slikt arbeid i bygda.

Prioritering.

Kulturminnevernplanen er retningsgjevande for tildeling av midlar og det vert prioritert ut frå fylgjande punkt:

- at størst mogleg breidd av kulturminne vert representert.
- sjeldne kulturminnet må sikrast.
- om kulturminnet er særprega for Modalen.
- om kulturminnet er utsett og i ferd med å bli borte.
- om kulturminnet har pedagogisk verdi.
- at kulturminnet kan få ein funksjon, verdiskaping, etter restaureringa.

Kulturminnevernplanen for Modalen bør reviderast med jamne mellomrom. Modalen kommune står fritt i si vurdering av storleik på tilskot. Verneverdige kulturminne utan bruksverdi for eigar, td. markaløer og kvernhus, bør tildelast høgare tilskot enn kulturminne som har bruksverdi.

Føresetnad for tilskot.

Modalen kommune gjev tilskot til restaurering under føresetnad av at det opphavlege som knyter seg til kulturminnet, ikkje vert vesentleg endra ved restaureringa. Det er ein føresetnad for tilskot at eigar/brukar yter ein eigendel. Modalen kommune kan i særlege høve vika frå kravet om eigendel. Modalen kommune kan gje rettledning til eller koma med merknader til restaureringa i kvart einskilde tilfelle. Dersom det er vesentlege endringar skal Modalen kommune godkjenna planane.

Kven kan få tilskot?

Modalen kommune gjev tilskot til restaurering av kulturminne og kulturmiljø som ligg innanfor Modalen kommune sine grenser. Eigar eller brukar av desse kulturminna kan søkje om kulturminnevernmidlar. Når brukaren søker om midlar skal eigaren godkjenna søknaden. Modalen kommune bør og gå aktivt ut til eigarar/brukarar for å få i stand eit samarbeid om opplegg for restaureringa.

Saksgang.

Søknaden skal sendast til kulturkontoret i Modalen. Den skal innehalde kostnadsoverslag og framdriftsplan for restaureringa

Innanfor den budsjettposten som Modalen kommune disponerar til kulturminnevern står Modalen kommune fritt til å fastsetje storleik på tilskot til dei einskilde tiltaka.

Når Modalen kommune gjev tilskot skal det lagast ein avtale mellom tilskotsmottakar og Modalen kommune om restaureringa av kulturminnet

Utbetaling.

Utbetaling av tilskot vert føreteke etter rekning.

Etterarbeid.

Det bør utarbeidast ein rapport om gjennomføringa av restaureringa for å vurdere kva røynsler ein har gjort seg i samband med arbeidet

Det bør og utarbeidast framlegg til eventuelt framtidig bruk av kulturminnet, og korleis det eventuelt kan koma inn i ein oversikt over ivaretekne kulturminne i Modalen.


MODALEN KOMMUNE
SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Saknr	Sbh
Formannskapet	11.05.2010	014/10	KNA

Sakshandsamar	Arkiv: N-	Arkivsaknr
Rådmannen ved Kristin Nåmdal	Objekt:	10/203

**RAPPORT FOR BRUK AV KULTURMINNEVERN MIDLAR-REVIDERING AV
RETNINGSLINER FOR TILSKOT**

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Rapporten for tildeling av kulturminnevernmidlar med retningslinjer for tildeling av kulturminner vert godkjent slik den ligg føre.